

Møtereferat styremøte 30. juni 2021

Styremøtet vart halde fysisk på Spjelkavik Panorama i Ålesund 30. juni kl. 18 til 20.30. Innkalling var sendt ut medio juni og saklista med saksdokument den 25. juni 2021.

Frammøte frå styret: 13 av 15 representantar:

Kommune:	Styremedlemmar:
Fjord	Eva Hove (leiar)
Ulstein	Berit Sandvik Skeide (nestleiar)
Giske	Jan Ove Skodje
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik (ny)
Stranda	Jan Håkon Vikane
Sykkylven	Trond Bonesmo
Sula	Nils Erik Bjørkavåg (ny)
Vanylven	John Willy Klungre
Vestnes	Jon Kåre Osdal (ny)
Volda	Ola Einang
Ørsta	<i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i>
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen
Ålesund	Janet Roelofs (ny)
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen (ny)
Tilsettrepr.	<i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i>

Andre:

Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar (referent)

Torgeir Sund, leiar Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal deltok digitalt i sak 35/21.

Saksliste:

Saksnummer: Tittel:

Sak 29/21	Godkjenning innkalling, sakliste og referat sist styremøte
Sak 30/21	Faste orienteringspostar
Sak 31/21	Referatsak: Møtebok representantskapsmøtet SF 10. juni 2021
Sak 32/21	Referatsak: Friluftsrådernes Landsforbund årsmøte, årsrapport, uttale m.v.
Sak 33/21	Oversikt innvilga søknader 2021
Sak 34/21	Status økonomi pr. april 2021
Sak 35/21	Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2021
Sak 36/21	Naturlosavisa haust 2021, innmelding «Ordførerens tur» (sak oppret. i møtet)
Sak 37/21	Oppretting av arbeidsutval/forhandlingsutval (sak oppretta i møtet)
Sak 38/21	Permisjonssøknad frå tilsett (NB! skriftleg behandla etter styremøtet 6. juli)

Friluftsrådet starta med ein presentasjonsrunde i det nye styret og fotografering. Her er oversikt over det nyvalde styret frå rep.skapet 10. juni 2021:

Kommune	Periode	Styremedlemmar	Mobil og e-post	Vararepresentantar
Fjord	2020-2022	Eva Hove (leiar)	97015014 eva.hove@fjord.kommune.no	Andreas Håvoll
Ulstein	2020-2022	Berit Sandvik Skeide (nestleiar)	47669370 beritss@tussa.com	Kathrine Kriken Garnes
Giske	2020-2022	Jan Ove Skodje	90138435 jan.skodje@gmail.com	Birger Honningsvåg
Herøy	2021-2023	Linn-Therese Hansen Sævik (ny)	97983305 linn_saevik@hotmail.com linn-therese.sevik@heroy.kommune.no	Sigurd Nygard (ny)
Stranda	2021-2023	Jan Håkon Vikane	93402210 jan.hakon.vikane@stranda.kommune.no	Bodil Trondstad Lie (ny)
Sykkylven	2020-2022	Trond Bonesmo	92471170 trond@bonesmo.no	Eva Eline Tandstad
Sula	2021-2023	Nils Erik Bjørkavåg (ny)	94785833 neb@bril.no nils.bjorkavag@sula.kommune.no	Karoline Antonia Slinning (ny)
Vanylven	2020-2022	John Willy Klungre	95068329 john.willy.klungre@mrfylke.no	Marina Haaberg Ersvåg
Vestnes	2021-2023	Jon Kåre Osdal (ny)	99711311 jon.k.osdal@gmail.com	Hilde Legernes (ny)
Volda	2020-2022	Ola Einang	48143001 ola.magne.einang@hivolda.no	Annlaug Stokke
Ørsta	2020-2022	Karen Høydal	91385956 karen@revmatiker.no	Stein Aam
Ålesund	2021-2023	Jarle Hauge Steffensen	47031224 jarle.hauge.steffensen@alesund.kommune.no	Anders Lindbeck (ny)
Ålesund	2021-2023	Janet Roelofs (ny)	92049430 janet@norge.nl	Nora Morken Farstad
Ålesund	2021-2023	Thea Elise Vestre Aasen (ny)	911 45 565 thea_elise_aasen@hotmail.no	Ewa Hildre
Tilsettrepr.	2020-2022	Christer Lundberg Nes	91246400 christer@friluftsradet.no	Ann Helen Hellevik

Foto av det nye styret 30. juni 2021:



Frå venstre:

Eva Hove (Fjord, leiar) Jon Kåre Osdal (Vestnes), Berit Sandvik Skeide (Ulstein, nestleiar), Jan Håkon Vikane (Stranda), Trond Bonesmo (Sykkylven), Jan Ove Skodje (Giske), Nils Erik Bjørkavåg (Sula), John Willy Klungre (Vanylven), Jarle Hauge Steffensen (Ålesund), Ola Einang (Volda), Linn-Therese Hansen Sævik (Herøy), Thea Alise Vestre Aasen (Ålesund) og Janet Roelofs (Ålesund).
Ikkje til stades på biletet: Karen Høydal (Ørsta) og Christer Lundberg Nes (tilsettrepr.).

Sak 29/21: Godkjenning innkalling, saksliste og referat styremøte

[Lenke til styremøteprotokoll 3. mars 2021](#)

Protokoll for styrevedtak om Skjergardstenesta 1. juni 2021 var også lagt ved.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend. Referat frå styremøte 3. mars 2021 vert godkjend. Protokoll for styrevedtak om Skjergardstenesta 1. juni 2021 vert godkjend.

Sak 30/21: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar orienterte kort om:

- Status fagområde: Aktivitet, Stikk UT!, Drift Land, Marin forsøpling, Skjergardstenesta (sak 35/21)
- Status personalsituasjonen og andre administrative forhold
- Andre dagsaktuelle orienteringar

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 31/21: Referatsak: Møtebok representantskapsmøtet SF 10. juni 2021

Kort om saka:

Representantskapsmøtet vart halde 10. juni 2021 i samfunnshuset i Volda kommune. Møtet var utsett frå april grunna koronapandemien. Det var 37 til stades, der 23 hadde røysterett. Før møtet var det omvising på det statleg sikra friluftsområdet Andaneset. Ordførar Sølvi Dimmen ønska rep.skapet velkomne til Volda. Fagansvarleg Aktivitet og dagleg leiar orienterte om aktivitetsarbeidet i friluftsrådet (vedlegg). Vanlege representantskapsaker vart behandla (jf. samarbeidsavtalen) og nytt styre vart valt.

[Lenke til møtebok representantskapsmøte 10. juni 2021.](#)

Vedtak:

Styret tek referatsaka om møteboka frå representantskapet til orientering.

Sak 32/21: Referatsak: Friluftsrådenes Landsf. (FL) årsmøte, årsrapport, uttale m.v.

Kort om saka:

Årsmøtet i FL vart halde digitalt 3. juni 2021. Frå SF deltok Eva Hove, Trond Bonesmo, Skafti Helgasson og Anne B. S. Emblem. Vebjørn Krogsæter deltok som nestleiar i FL. Årsmøtet valde Krogsæter til ny styreleiar for FL. [Lenke til årsmelding FL mai 2020 - april 2021](#)
FL jobbar med no er å påverke bevilgningane til friluftsliv i statsbudsjettet. [Lenke til felles uttale med DNT, FL og Norsk friluftsliv.](#) Denne er sendt Mørebenken og til fylkespartia i MR.

Vedtak:

Styret tek referatsaka om Friluftsrådenes Landsforbund til orientering.

Sak 33/21: Oversikt innvilga søknader 2021

Kort om saka:

Medlemskontingenten utgjer berre 20 % av friluftsrådet sine inntekter. Om lag halvparten av inntektene kjem gjennom prosjektstøtte - vi søker kvart år om støtte til definerte prosjekt frå ulike kjelder:

- **Aktivitetsprosjekt** frå støtte frå Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og R. fylkeskommune. Vi kan også søke private finansieringskjelder som sparebank, Gjensidigestiftelsen m.fl.
- **Anlegg/driftstiltak** i statleg sikra område får støtte frå Møre og R. fylkeskommune (post 78)
- **Arbeid mot marin forsøpling** får støtte direkte frå Miljødirektoratet, og søker også andre kjelder som Handelens Miljøfond/Rydd Norge m.v.

SF har fått støtte til dei fleste aktivitetsprosjekta, men summene er noko mindre enn omsøkt; av totalt om lag 3,5 mill. omsøkt, har vi fått omlag 2,4 mill. i støtte. Når det gjeld anleggsprosjekt, har vi fått støtte om lag som omsøkt 1,2 mill. SF søkte Miljødirektoratet om tilskot på kr 8,2 mill. til arbeid mot marin forsøpling 21-22 og deler av 23, og mottatt eit tilskot på kr 4,5 mill for perioden. Styret fekk oversikt innvilga prosjektsøknader pr. juni 21.

Vedtak:

Styret tek oversikt innvilga prosjektsøknader til orientering og ber om at overordna budsjett og arbeidsplan 2021 vert reviderte i tråd med dette.

Sak 34/21: Status økonomi april 2021

Kort om saka:

Styret fekk fremlagt rekneskap for første tertial (april) 2021, tala er samanlikna med same periode for 2020. Regnskapet viser eit underskot på kr. 80 612 hittil i år. Kontingentane frå kommunane og alle tilskot er periodiserte, dvs. berre 4/12 deler er inntektsført i rapporten. Periodiserte driftsinntekter er kr 5 304 420, mot kr 4 694 139 i same periode i fjor. Dette er ein auke på kr 610 281. Sum innvilga, og forventa tilskot til utbetaling i løpet av 2021 er kr 5 765 250 mot kr 3 966 300 på same tidspunkt i fjor, dette er ikkje ført til inntekt i rapporten. Lønnskostnadene første tertial er kr 2 059 736, mot kr 1 707 261 i fjor.

Vedtak:

Styret tek status økonomi første tertial til orientering.

Sak 35/21: Skjergårdstjenesten Møre og Romsdal 2021

Kort om saka:

Skjergårdstjenesta i Møre og Romsdal er eit spleiselag mellom Staten v/Miljødirektoratet, fylkeskommunen og dei to friluftsråda i fylket. Staten betaler 50 %, fylkeskom. 25 % og friluftsråda samla sett 25 %. Hovudoppgåvene er drift, skjøtsel og tilretteleggingstiltak i sjønære statleg sikra friluftslivområde, og er også ein viktig reiskap i arbeidet mot marin forsøpling. Sunnmøre friluftsråd står for drifta, og har det daglege ansvaret.

Leiar Torgeir Sund deltok digitalt i styremøtet for å orientere styret om ordninga. Sunnmøre friluftsråd gir oppdrag til Skjergardstenesta for våre område. Vi vil etter kvart inngå avtale om drift av sjønære, statleg sikra område, konkret Volda – Andaneset og Sykkylven – Haugneset. Samarbeidsavtalen mellom dei fire partane i Skjærgårdstjenesten MR er endeleg signert. Det vert møte i driftsstyret eit par gangar i året, og i hht. samarbeidsavtalen skal begge friluftsråda ha ein frå administrasjonen og ein frå eige styre i driftsstyret.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til leiar Torgeir Sund til orientering, og ber om at administrasjonen førebur ei sak til neste styremøte om tilrettelegging og drift av aktuelle statleg sikra sjønære område på Sunnmøre i regi av Skjærgårdstjenesten MR, dette som innspel til arbeidsutval og driftsstyre for skjergardstenesta.

Styret vel styreleiar Eva Hove (styret) og dagleg leiar Anne B. Støyva Emblem (adm.) som representantar i driftsstyret for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal.

Sak 36/21: Naturlosavisa haust 2021 og innmelding av «Ordførerens tur»**Kort om saka:**

Friluftsrådet skal igjen gi ut gratisavisa Naturlos i haust med informasjon om gratis leia turar og friluftslivsarrangement i regi av ulike frivillige lag og organisasjonar. Det er gratis for arrangørane å få turane/arrangementa sine i Naturlos. Her er meir info: [Sunnmøre friluftsråd - Naturlos i haust?](#) Avisa vert distribuert til alle husstandane i medlemskommunane i august. «Ordførerens tur» i kommunane er viktig å få med i avisa, her må styremedlemmane bistå slik at turane kan meldast inn innan fristen 1. august.

Vedtak:

Kvart styremedlem tek kontakt med ordføraren i eigen kommune og oppmode ho/han om å invitere til «Ordførerens tur» i haust som kan inngå i Naturlosavisa. Ordføraren bestemmer sjølv dato og kvar turen skal gå, turar som er beskrivne i [morotur.no](#) er ein fordel. Styremedlemmet kan bistå i kort turomtale og etter avtale sende dato til May Britt Haukås. Styremedlemmane må også tipse andre i kommunen som dei veit arrangerer opne og gratis turar i haust. Frist for innmelding av turar: 1. august.

Sak 37/21: Oppretting av arbeidsutval/forhandlingsutval

Styret kan opprette eit arbeidsutval, slik det er uttalt Samarbeidsavtalen § 7: «Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane, leiar og nestleiar inngår i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet kan førebu saker for styret og fatte vedtak etter delegering frå styret. Dette omfattar avgrensa oppgåver som t.d. lønnsutval, konkrete prosjekt og liknande. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.»

Vedtak:

Styret opprettar arbeidsutval for 2021/22 som består av Eva Hove (leiar), Berit Sandvik Skeie (nestleiar) og Jarle Hauge Steffensen. Dagleg leiar tiltrer utvalet. Arbeidsutvalet får delegert mynde som forhandlings- og lønnsutval. Dagleg leiar kan ta opp hastesaker med arbeidsutvalet, dvs. saker av ikkje-prinsipiell karakter som ikkje kan vente til neste styremøte.

Sak 398/21: Permisjonssøknad frå tilsett (skriftleg behandla etter styremøtet)**Kort om saka:**

5. juli 21 etter styremøtet fekk dagleg leiar permisjonssøknad på 6 mnd. frå ein fast tilsett som hadde fått tilbod om fast jobb ein annan stad. I samsvar med gjeldande arbeidsreglement skal permisjonssøknader utover 3 mnd. behandlast av styret. Det hasta å behandle saka, vi valde derfor skriftleg styrebehandling via e-post 6. juli 21. Før utsending innstilte arbeidsutvalet på å avviste permisjonssøknaden av to grunnar: 1) Tenestlege behov: Det er vanskelegare å rekruttere inn den kompetansen friluftsrådet treng i stillinga dersom det berre er eit vikariat; det er ønskeleg å lyse ut stillinga på nytt som fast stilling. 2) Personalmessig policy: Tilsetjingsforholdet er for kort (2 år i fast stilling) for å kunne gi permisjon grunna overgang til ny stilling; dette vil skape presedens for andre faste stillingar i friluftsrådet. Kvart styremedlem ga kort tilbakemelding via e-post om dei stemte ja eller nei til søknaden: 2 stemte ja til å innvilge permisjon og 13 stemte nei.

Vedtak 7. juli 2021:

Permisjonssøknad for å gå over i ny stilling vert ikkje innvilga. Dagleg leiar kan dermed lyse ut som fast stilling i rekruttering av ein ny fagansvarleg.